

Vamp

15. oktober 2003 · Haavebua

Frå arkivet

15. oktober, 2003 Vamp på sitt beste

Øyvind Staveland (Foto: Jon Holsvik Sørland)

Vestlandsbandet utfordra den djupaste basstrengen til sjela, og dei høgste fløytetonane som trommehinna kan fange. Dei vandra frå urrock til lettare melodiose perler, og spelte dei aller mest kjende vamlåtane, men også ei rekkje frå den siste plata, Månemannen.

Øyvind Staveland, Torbjørn Økland, Vidar Johnsen og Calle Apeland står fjellstøytt på si musikalske plattform. Dette er musikarar av høg klasse, og dei torer stort sett gjere som dei vil. At dei er så trygge smittar over på dei frammøtte, og stemninga i Haavebua var upåklageleg. Denne gongen var det konsert i ordets rette betydning. På dansegolvet stod borda tett, og det modne publikummet fekk det dei kom for: Sjeldan god variert godlyd pakka ut av eit ekte vestlandsk folkrockband. Presis klokka ni starta Vamp konserten, og etternølarane som i fast Florøtradisjon kom diltande etter ein liten time seinare, fekk seg nok ein aldri så lita overrasking.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 62.